



## **Styremøte Bø museum**

Dag: Tysdag 18. juni 2024

Tid: kl.18.00

Stad: Pakkbua Åheim

Til stades: Kristin Kleppen, Geir Sønstebø, Jørn Berget, Ingrid Smedstad, Halvor Kleppen, Sigrid Aksnes Stykket, Atle Tjønnås, Kari Lønnestad

Frå drift: Bergit Li

Forfall: Kari Rast Monge, Ellen Schrupf

## **Sakliste**

### **Sak 40/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste godkjent.

### **Sak 41/24 Godkjenning av referat**

Referatet godkjent.

### **Sak 42/24 Økonomi**

Bergit orienterte om søknader som er sendt, og tilskot som har kome inn til ulike prosjekt. Kommunalt tilskot har kome inn på konto.

### **Sak 43/24 Østerli, vegen vidare - kva vil me?**

Spørsmålet om framtida for Østerli er oppe til vurdering. Spørsmålet har blitt vurdert tidlegare også, jfr rapport frå 2006, men museet har i praksis ikkje hatt drift på Østerli på mange år. Det er ei stor oppgåve å halde tunet ved like, og denne oppgåva har museet ikkje makta på tilfredsstillande vis dei siste åra. Museet har også ein stor bygningsmasse å ta vare på på Oterholt/Kvennøya. Det bør kome ei endeleg avklaring av kva museet vil med Østerli. Sal er eitt av alternativa som blir vurdert, og er kanskje meir aktuelt enn før fordi dagens grunneigar er interessert. Men eit sal er irreversibelt og spørsmålet må vurderast grundig før ein fattar ei avgjerd. Tunet er ikkje freda, Ingrid vil sjekke evt vernestatus. Smia ligg i tunet på oppsida av vegen, her gror det igjen rundt bygningen. Dette bør dugnadsgruppa kunne ta seg av. Saka om Østerli må følgjast opp av styret vidare, og eit evt sal må opp på neste årsmøte.

### **Sak 44/24 Vreimskulen, vegen vidare**

Avtalen med kommunen går ut 01.01.25, så me må gje beskjed innan det om me ønsker å gå vidare med saka eller ikkje. Arbeidet som har vore gjort, har ikkje resultert i ekstern finansiering, og midlane som tildlegare var avsett til prosjektet, er derfor fristilt. Eit vesentleg moment er at Vreim skule er i dårleg stand, bygningen har store råteskader, noko som gjer ei evt flytting og istandsetting vanskeleg og kostbar. Vidare har museet også bygningar på Kvennøya som treng vedlikehald.

Vedtak: Museet sender eit brev til Midt-Telemark kommune om at det ikkje lenger er aktuelt å overta Vreim skule, med grunngjeving i tilstand og økonomi.

#### **Sak 45/24 Tilsetting - status**

Det er 15 søkarar til prosjektstillinga som dagleg leiar. Tilsettingsutvalet er godt nøgde med søkarlista, fire søkarar har vore inne til intervju og utvalet vurderer å innkalle fleire. Tilsetting bør vera klar i løpet av juni. Tilsettingsutvalet set opp innstilling og sender denne ut til styret for vedtak pr epost.

#### **Sak 46/24 Sommarutstillinga, program og dugnad før åpninga 29 juni**

Kari orienterte om sommarprogrammet. Halvor orienterte om arrangement knytt til jernbanejubileet, og fortalte at fleire av desse arrangementa blir dokumentert av Jostein Sageie slik at materialet kan brukast bl.a. i «Den kulturelle skulesekken». Museet har fått kr 30 000 i støtte til sommarutstillinga. Halvor presiserte at det er viktig at folk som kjem inn på museet, kjøper billett. Aktuelt å kjøpe klistremerke som synleg billett. Forslag om utlodding i samband med arrangement, som kjelde til inntekt. Halvor meiner at dei fastmonterte høgtalarane på Åheim ikkje fungerer godt, foreslår å kjøpe ein laus høgtalar som kan brukast både ute og inne. Han vil rådføre seg med Knut Eirik Hult ang dette. Aktuelt med ein dugnad onsdag 26. juni for å klargjera uteområdet før utstillinga opnar.

#### **Sak 47/24 Møteplan hausten 2024**

Neste møte 20. august, datoar for resten av hausten blir bestemt da.

#### **Sak 48/24 Orienteringssaker**

- Nettverket Soga, Kristin orienterte om møtet ho og Bergit var på i Skien, notat frå møtet er sendt ut.
- Nytt gjerde mot elva er snart ferdig, dugnadsgjengen har gjort ein flott jobb.
- Måling Åheim: Marek skal snart i gang med vasking og måling av bygningen. Bergit har kontakt med leverandøren av linoljemålinga for å skaffe det som manglar. Nye penslar må også skaffast.
- Arrangement som har vore:
  - Kulturtur i Limarka
  - Den kulturelle skulesekken, opplegg om energi
  - Baking med førskulegrupper

#### **Sak 49/24 Eventuelt**

- Kvennøya: Dugnadsgruppa, med Håkon Strand i spissen, er interessert i å gjera ein jobb på Kvennøya. Blant anna er det behov for toalett og utbetring av brua over midtløpet. Styret er positive til dette. Evt utgifter må avtalast med styret og evt arbeid på bygningar på klarerast med Jørn. Før evt. oppsetting av toalett må ansvar for drift avklarast.
- Det står att murarbeid på pipa i Åsestugo. Jørn følgjer opp saka.

Ref. Kari L